



## Månadsbrev september 2023

**Velkommen** til nytt skuleår og første månadsbrev! Første skuledag kunne me ynskja 55 elevar hjarteleg velkomne! Det er med andre ord ti nye elevar, der sju av dei byrja i første klasse, ein i andre, femte og åttande. Det vart svung over både elevpresentasjonar, song og polonese. Aldri har vel polonesen gått så greitt, og venskapsringen til slutt dekte rundt heile gymsalen! Nye lærarar har me òg fått. Helene og Janne Britt kjenner de nok frå før, medan Einar er eit nytt ansikt.

**Første skuledag** snakka me om at me kan få til alt me vil, om me trur på det. Det kan ta litt tid, men tar me eitt steg, ein dag, om gongen, så klarer me det plutseleg. Det hjelper òg om andre trur litt på at me kan få til alt, for då føler me at me har litt støtte og hjelp. Det er faktisk lurt å ta i mot hjelp av og til, for saman er me sterke. Hjelper me og forklarar noko for kvarandre, om det er mor, far eller ein klassekamerat, lærer me faktisk betre, anten det er praktisk eller teoretisk.



Sjølvsgart vert det mykje om **commune- og fylkestingsval** i år. Ungdomstrinnet arrangerer valdebatt og skuleval 8. september, slik at alle er klare til valldagen 11. 12. september får 1.-4. klasse besøk av **kulturell skulesekk** og The Sverre Sverre som er musikar, visesongar og sykkelreparatør. Han syng "høgg ned treet! Ikkje høgg ned treet!" Korleis skal det gå? 

Me har allereie greidd å utsetja **overnattningsturen** to gonger, men nå blir det tur til Duge 19.-20. oktober der dei minste kan overnatta inne. Elles har mellomtrinnet hatt **foreldremøte**, og ungdomstrinnet planlegg møte 6. september og 1.-4. klasse 25. september. Hugs felles foreldremøte i Øvre Sirdal 14. september med "**Rom for alle**". JIPPI! Fylkeskommunen bestemt at me får to **fartsdumpar** forbi skulen! Eg trur det er fleire som har trekt i trådar her, m.a. Agder kollektivtrafikk.

Anne Grethe og Åse-Berit deltar på **UNESCO** sin lærarkonferanse i Alta og Kautokeino 13.-15. september, og då er temaet naturlegvis den samiske verdsarven og kunnskap om identitet som brubyggjar for fred. Veka etter reiser Hilde og 7. klasse på **leirskule** til Haraldvigen. 21. september blir det utprøving av ein ny sport med **Idrettspatruljen**, og 22. er **BlimEl-dagen** med songen "Sveve høyt". 26. september er første møte på Sinnes i Sirdal **ungdomsråd (SUR)** i haust.

Me satsar vidare på **lesing**, både i alle fag og som lystlesing. 1.-2. klasse er påmelde Norli sin lesekonkurranse, 3.-4. klasse vil lesa seg gjennom Noreg til 71gr nord og ungdomsskulen er med på tXt. Fjorårets mellomtrinn har fått kvar sitt eksemplar av boka dei gav tilbakemelding på til forlaget, har fått takk inni boka er siterte på framsida; "Dette er den beste boka i serien til nå!" Veldig godt jobba!



Sinnes 31.08.23, Åse-Berit (rektor)